


UTVIKLINGSNETT

Motkulturane sine kulturminne

Stavanger 23. april 2015



Riksantikvarens Utviklingsnett er eit kompetansetilbod som tar opp aktuelle kulturminnefaglege emne. Det skjer gjennom ulike typar seminar, både dagsseminar som blir arrangert rundt om i landet og seminar som går djupare inn i ulike tema. Tilboden er gratis og ope for alle interesserte, men emna er i hovudsak vinkla mot problemstillingar og utfordringar i kommunar og lokalsamfunn. Seminara er også ein viktig møteplass for kulturminneforvaltinga på alle nivå og andre fagmiljø og samfunnssektorar. Program vert lagt ut på Riksantikvaren sine nettsider og vert sendt ut til kontaktar over heile landet.

I andre halvdel av 1800-talet vaks det fram store folkelege rørsler på det religiøse, språklege og alkoholpolitiske området rundt om i Noreg.

På mange måtar var dette periferien sin motstand mot sentrale styresmakter. Bønder og småkårsfolk fekk veksande sjølvtillit og sjølvrespekt i møte med ein dominante embetsmannsstat. Det var også ei sosial, kulturell og demokratisk rørsle som var med å påverke og forme viktige hendingar i åra fram mot 1905.

Dei mange rørlene har også sett mange fysiske spor over heile landet, særleg på Vestlandet, som bedehus, ungdomshus, kaffistover, avhaldslosjar, forsamlingslokale og skulestover.

Dette var bygningar og møteplassar som var viktige i mange lokalsamfunn, men som no er i ferd med å forsvinne.

Vi ynskjer å rette merksemda mot den viktige, og mange vil seie, forsømde delen av kulturarven frå denne perioden, og denne gongen har vi lagt Utviklingsnett til Lars Oftedal sitt gamle bedehus i Stavanger.



| Program | |
|---------|--|
| 09.30 | Kaffi/registrering |
| 10.00 | Opning |
| 10.05 | Velkommen til Stavanger - motkulturenes hovedstad? <i>Christine Sagen Helgø, ordfører, Stavanger kommune</i> |
| 10.15 | Lars Oftedal: Profet, samfunnsbygger, skandalemann og redaktør <i>Sven Egil Omdal, journalist</i> |
| 10.45 | Omvising i Stavanger sentrum <i>Byantikvaren i Stavanger</i> |
| 12.00 | Lunsj |
| 12.40 | Motkulturenes århundre <i>Frank Aarebrot, professor, Universitetet i Bergen</i> |
| 13.20 | Kaffikoppens kulturelle moderniseringskraft <i>Ottar Grepstad, direktør, Nynorsk kultursentrums</i> |
| 14.00 | Pause |
| 14.15 | Losje Ridderspranget og avholdsbevegelsens kapeller i Gudbrandsdalen <i>Kåre Hosar, konservator, Maihaugen</i> |
| 14.45 | Bedehus i Solør - en historie om vekst og fall <i>Ingunn Holm, Riksantikvaren</i> |
| 15.15 | Pause |
| 15.30 | Ungdomshuset, dugnadsarbeid og intellektuelt liv i utkantbygda <i>Olav Randen, bonde og forleggjar i Hallingdal</i> |
| 16.00 | Motkultur og kulturminne - lokale verdiar og nasjonal kulturminneforvalting <i>Leidulf Mydland, Riksantikvaren</i> |
| 16.30 | Seminaret slutt |

Seminaret er gratis og blir arrangert i Stavangeren (tidlegare Bethania bedehus) Vaisenhusgata 37, Stavanger.

Ynskjer du meir informasjon om seminaret kontakt Tron Stranden tlf. 982 02 830, e-post tron.stranden@ra.no

Påmelding seinast innan 15. april via våre nettsider (sjå kalenderen) www.riksantikvaren.no.

Dersom du etter å ha meldt deg på likevel ikkje kan delta, ver gild gje oss melding om dette via e-posten paamelding@ra.no